

OGNEDAL SKULE

AV
ASTRID HUMBERSET

SKANNING OG PC-ARBEID
VED IDUN HUMBERSET



Foto: Gabriel Ognedal

Dette er ei samling av det eg har opplevd ved Ognedal skule,
samt lest meg til i fleire nr. av «Skolehistorisk Årbok»
og diverse bygdebøker.

Også lister frå Interkommunalt arkiv.

Eg takkar for velvillige svar på mine mange telefonar
om det eg ikkje minnest sikkert,
eller hadde kjennskap til.

Også for lån av foto.

OGNEDAL SKULEKRETS



Skulen på Ognedal

Skuleutviklinga før fastskulen

1. Påbod om skule-opplæring i 1739.

2. Enkelte prestar og biskopar gjorde mykje for å fremje kunnskapen hjå folket. Slik var det med prost Gerhard Henrich Reiner og biskop Peder Hansen.

Biskop Peder Hansen dreiv Lærarseminar i Kristiansand. Han gav prestane i bispedømet påbod om å senda dei flinkaste unggutane til seminaret. Såleis fekk han spreitt kunnskapen i distrikta.

Biskopen ivra også for boksamlingar. Han gav ei bokpakke som startkapital til folkeboksamling i Madla i 1800. Bjerkreim fekk si første boksamling i 1890.

Ognedal skule i 1927. (Påfyll?)

Men folk var skeptiske til skjønnlitteratur. Det som var oppdikta var løgn, og derfor fekk ikkje borna lesa det. Slik også med lesebøker i skulen.

Etter 1860 kom lova om annan lærdom enn den religiøse. Nå skulle andre fag inn i skulen. 60 år etter at Isaach Egeland gjekk på seminar hjå biskopen og lærte både naturfag, geografi, historie, astronomi, språk, bibelsoge, salmar og sjukdoms-lære. Samt etikk. Skrivning og rekning var det òg bare dei flinkaste gutane som hadde fått lært før.

3. Skule-kommisjonen i Bjerkreim og Helleland 1827 la opp til 5 distrikt. 3 i Bjerkreim og 2 i Helleland.

Presten reiste rundt og såg korleis gardane låg til kvarandre. Han delte dei så opp i roder. (Skulekrinsar) 2 – 3 i kvart distrikt. Skulen skulle vera 3 dagar på kvar gard. Læraren skulle vera 2 – 3 månader i kvar rode og skula kvar dag, 6 timar dagen. Dette var omgangsskule.

Til slutt auka skulevekeene frå 28 til 36 veker i året. Læraren fekk då 16 veker fri i året slik at han kunne utføra anna arbeid og spe på økonomien. Det var også dårlig med pensjon.

Krets-delning

Med litt avvik enkelte tider, har den gamle krets-delninga halde seg til nå. Ognedal krets var: Laksesvela, Slettebø, Ognedal, Tysland, Steinsland, Bærland, Kløgetvedt, Gåsland, Eikeland og Gravdal.

Gravdal gjekk over til Samfunns-skulen i Egersund. Skiftingsholen, som hadde meir nærheit til Gåsland, enn Helland som jorda kom frå, fekk flytta over til Ognedal krets.

Etter krigen, 1949, fekk også Br. nr. 5 Slettebø flytta over til Vikeså krets. Dei ligg nær Litla Svela.

Lærarar i omgangsskulen

Isaach Nielson Egeland

- Født 29.08.1779 – død 29.10.1832.

- Han gjekk på Lærarseminar i Kristiansand hjå biskop Peder Hansen i 1799 – 1800.

- I folketeljninga i 1801 budde han heime på Eikeland og var lærar. Men han var også

i teneste hjå prost Reiner i prestegarden på Helleland. Same år var han utsending for presten for å lodda muligheten for bytte av salmebok. Noko bygdefolket var imot. Kanskje kom noko av motstanden av manglande leseferdighet til å læra nye salmar.

- Isaach gifta seg i 1811 med Kari Pedersd. Ognedal. Han hadde då kjøpt nabogarden på Eikeland året før, i 1810.
- Isaach var ein av 2 utsendingar frå Bjerkreim til Stavanger då dei skulle velja Rogaland sine representantar til Eidsvoll i 1814.
- Han var med i skule-kommisjonen i 1827, då det vart lagt opp til vidare utvikling av skulen.
- Isaach vart utnemnt til lensmann i 1832, men døydde på heimvegen frå Egersund etter utnemninga. Det var ei drukningsulykke.
- Ei skrivebok frå tida hans på Lærarseminaret er teke vare på. Den er det skrive om i Skolehistorisk årbok 1988 – 1990, av Kåre Dreyer Dybdahl.

Jens Svendson Ognedal

- Født 25.03.1800.
- Gift 1823 med Sissel Halvorsd. Mellemstrand, Time.
- Han gjekk på eit lærarseminar på Bjerkreim. Var så lærar nokre år på Heia. Seinare Time, der han også overtok «konegarden» på Mellemstrand.
- Jens sine 2 eldste søner, Svend og Jonas, vart gift med Isaach si dotter Siri og sonedotter Karen Serine.

Børild Nilson Egeland

- Isaach sin soneson.
- Født 23.11.1843 – død 06.03.1904 i Time.
- Lærar på Heia ca. 1865 og vidare, seinare Time.
- Børild vart kjent i Time som ein flink urmakar. Ei nyttig attåttnæring til læraryrket, som var dårlig betalt.
- Asbjørn Kloster var i Bjerkreim og heldt avholdsforedrag i 1870-åra. Også på Ognedals første skulehus. Det vart stifta eit avholdslag i Bjerkreim. Med i styret frå Heia var: lærar Børild Nilson Egeland, sekretær, hans svoger Peder Mikkelsen Ognedal og lærar Tollef Carlsen Laksesvela.

Andre på den tida som var lærar på Heia var m.a. **Anton Nevland**.

Lars Jonasson Røysland – Laksesvela

- Født 1838 – død Egersund.
- Gift 1861 med Ingeborg Bolette Olsd. Laksesvela.
- Han overtok «konegarden» på Laksesvela.
- Lærar i Ognedal krets (og delvis Tengesdal) i åra kring 1855 og vidare.
- Dottera, Ingeborg, vart gift med dotterson til Isaach Egeland: Isak Olson Steinsland.

Jonas Vellesen Veen

- Født 02.02.1842 – død 26.11.1915 Enebakk.
- Han vikarierte i Heia skule-krets våren 1858. Det var hans første forsøk som lærar.
- Han hadde først tatt eit kurs på Bjerkreim hjå lærar og klokkar Skule Torstensen. Der lærte han rekning, skriving og stil. Skule Torstensen hadde tidlegare gått på lærarseminar på Holt, som var felles for Agder og Rogaland. Det vart kravt for stillinga hans.
- Jonas Vellesen tok seinare vidare utdanning og vart ein landskjent og anerkjent skulebokforfattar.
- Han skreiv ei minnebok om oppveksten og dei første ungdomsåra. (gjengitt i Skolehistorisk årbok 1989, ved Kåre Dreyer Dybdahl).

Brødrene Tollef og Vilhelm Carlsen Laksesvela

Tollef Carlsen, født 1840 – død 1926.

- Gift 1870 med Siri Christine Fanuelsd. Maudal.
- Lærer på Heia 1865 (Ivesdal og Veen 1861)
- Vidare etter 1872 på den faste skulen.
- Han hadde gard på Laksesvela og var mykje med i politikken i bygda.

Vilhelm Carlsen, født 1843 – død 1898.

- Gift 1863 med Marta Nilsd. Slettebø.
- 2.ekt. 1884 med Anna Larsd. Slettebø.
- Gard på Slettebø.
- Lærer i ungdomen på Heia.
- 1861 i Ørsdalen og Hytland.

Fastskulen på Ognedal

Bjerkreims tredje skulehus vart bygd på Ognedal i 1872. Det vart bygd i utmarka til Br. nr. 5. Der var det eit klasserom i den eine enden, med ei lita leilighet i den andre enden. Det skulle vera lærarbolig. Men dersom læraren ikkje hadde bruk for den, vart leiligheten leigt ut til andre som trengte bustad. Skulehuset vart forsikra i Norges Brannkasse i 1882.

Lærarar i fastskulen før 1900

Anna Gydal frå Helleland var bare 17 år då ho i 1895 kom til Ognedal og var der vinteren over.

- Det var litt veksling med Eikeland skule og «Netland udelte skule på gard».
- Ho tok seinare middelskule, lærarskule og vidare utdanning både i inn og utland.
- I 1934 var ho ansatt ved Oslo Lærerskole.
- Starten var her, liksom hjå Jonas Vellesen.

Gurine Undem

- Ho var ansatt i årene 1897 – 1898.
- Ho var den første i Bjerkreim som laga til juletreffest for skuleborna.

Gitle A. Birkrem

- Nemnt ved stor-skulen 1900.

T. Carlsen

- Nemnt ved små-skulen 1900.

Gunhild Berglan (Bergdom) - 1895

- Aktiv: Ognedal – Egeland – Netland krets.

Kristine Kristiansen - 1895 – 1896.

Peder Besland

- Involvert frå 1897 – 1898

Ritland

- Nemnt 1893

Preste-besøk på Ognedal

Thorvald Egidius Isachsen var prest i Helleland-Bjerkreim 1897 – 1905. Kona hans, Valborg, var ofte med han når han var på tenesteturar rundt i distriktet. Då reiste dei med karjol eller slede. Valborg var frå Holland, men snakka godt norsk sidan mora var norsk. Ekteparet var i slekt med kvarandre.

Valborg Isaachsen skreiv jevnlig brev heim til Holland og fortalte om turane og folkelivet i Norge. Dei breva vart gitt ut som bøker. Den hollandsk-norske Hanna de Vries – Stavland har oversett desse bøkene og dei er gitt ut på norsk. Der får vi innblikk i vår eiga fortid, sett med framandt blikk.

Ein haust, eit av dei første åra av 1900, fekk Ognedal skule besøk av presten Isaachsen og frue. Presten hadde same dagen hatt den siste samling av konfirmantane på Bjerkreim. Då fekk han overlevert eit brev frå Peder Mikkelsen Ognedal der han ba presten om å ta seg ein tur til Ognedal skule, sidan det var så lenge sidan han hadde vore der. Foreldrene var også bedt om å møta opp kl. 4 om ettermiddagen.

Då presten var ferdig kl. 1, tok dei i veg med karjolen og hesten, Frey. Prestefrua fortel om drikkekar for hestane langs vegen og at dei såg bare fjell. Etter mange svingar var dei endelig framme og såg husa på Ognedal, der Peder budde. Han sjølv kom ut av låven der han hadde drive med korntresking. Han gjekk inn i bolighuset og kom ut att i søndagsklede. Dei prata litt ute på tunet før Lise, kona til Per, kom ut og ba presteparet inn på kaffi og mat.

Etterpå gjekk dei alle til skulehuset der både vaksne og born var samla. Presten heldt tale for folket og prestefrua skildrar den fine kvelden med solnedgangen som lyste raudt med gjenskin i vatnet nedanfor. Så fortel ho om at læraren gav teikn til borna om å syngja på dialekt. «Soli gjeng bag åsi ned, jordi lig og draumar».

No soli bak um blåe fjell,
sitt ljose andlet gøymer.
Og myrker yver heimen fell,
og jordi ligg og drøymer.
Gud lat di åsyn lysa ned,
so heilag fred
inn i vårt hjarta strøymer.

Salme av Elias Blix – Tone: Lindeman.
Landstads Reviderte Salmebok nr. 833.



Gamalt hestedrikkekar frå Rogaland

Foto: Svein Magne Olsen (2011)

Olav Johan Knutson Aure

- Født 02.11.1875 i Aure, Sykkylven.
- Eksamen ved: Elverum pr. Lærarskule, 1898.
- Stipend til hagebruks-kurs i Rosendal, 1904.
- Gift 02.11.1902 med Karina Tollefsd. Carlsen. Ho var dotter til den forrige læraren, Tollef Carlsen.
- Olav Aure var lærar i Bjerkreim frå 1898.
- På Ognedal frå 1900 – 1920.
- Han budde dei første åra på Ognedal i lærarbustaden på skulen, men bygde i 1909 hus på Kyrkjeneset. Ein eigedom fråskilt frå Karina sin heimgard på Laksesvela.
- Hausten 1920 flytta han til Henseid skule i Drangedal, men kom tilbake til Bjerkreim som pensjonist.




Foto: Norske Skolefolk

Olav Aure var ein engasjert og respektert person.

Han engasjerte seg i styre og stell i bygda. Som den sunnmøringen han var, gjorde han mykje for å innføre nynorsk i skulen. Det kom i 1908. Borna fekk såleis læra seg songar og salmar på nynorsk. Kanskje ville han også vise presten, ved hans besøk på Ognedal, at nynorsk også dugde til salmar. Det var nemlig ein del strid om det. Men landsmålet, som det vart kalla, vart også stadig utbetra i skrivemåten.

Lærar Aure fekk skifta ut Pontoppidans forklaring, med god hjelp av presten Isaachsen.

Det er vanskelig å finna kva for lærebøker dei nytta sidan det ikkje er noko i arkiva om det. Men mange av dei gamle lærebøkene, både på nynorsk og bokmål, er trykt i 1906. Det er mulig at det då var eit skifte av lærebøker.

Skuletida i 1890-åra og til 1920, var over 12 veker i året for borna. Skuleåret var frå ca. 1. april og ut juni. Frå september/ oktober til jul. Og så frå 1. januar til ca. 1. april.

Når lærar Aure så hadde 3 klasser blei det så 2 dagar kvar veke for kvar klasse. 36 veker i skuleåret vart 12 veker for kvart barn, som var kravet. I 1917 vart kravet 18 veker årlig. Men sidan Aure heldt fram, med 3 klasser, har dei altså teke i bruk stova til leiligheten. Og så har dei fått 1 lærar til.

Sigurd Eikeland, som gjekk på Ognedal mellom 1918 og 1925, fortel i eit minneskriv frå 1983, om skuletida si. Han fortel at han hadde 6 lærarar den tida han gjekk på skulen, 3 utdanna lærarar og 3 utan utdanning. Vi veit om Olav Aure og Åse Simonsen som kom i 1922. Men kven var dei andre 4?

Sigurd fortel om den eine læraren at han var frå Jæren og var middel-aldrande. Vidare fortel han at læraren hadde sukkersjuka og derfor laut drikka mykje vatn. Han hadde såleis ei stor flaske med vatn ståande på kateteret som han drakk av. Når den var tom, laut ein av gutane gå ned til elva og fylla vatn på flaska. Den jobben gjekk på omgang blant gutane.

Sigurd fortel vidare at dei nytta tavler til å skriva og rekna på dei første 3 - 4 åra. Det sto ei bømme med vatn og svamp ved kateteret som dei nytta til å vaska tavla med, når den var skriven full.

Sigurd fortel at der var 2 klasserom og kjøkken i det gamle skulehuset då. Han skreiv også at han gjekk på 2 - delt skule, men det var nok etter 1920. Det var mykje endring i timetalet utover 1920 talet på Ognedal. Og kva tid starta skuleåret i august?

Lotte Slettebø Ognedal og Per Tysland er nemnt som lærarvikarar kring 1920. Kanskje hadde Lotte fela med i songtimane?

Klasseoppdeling

3-delt skule var i mi tid oppdelt slik: Småklassen – 1. og 2. skuleår. Mellomklassen – 3. og 4. skuleår og storklassen – 5. - 6. og 7. skuleår. Småklassen og storklassen gjekk 3 dagar i veka i kvar sitt skulerom. Mellomklassen gjekk dei 3 andre dagane.

Åse Simonsen

- Født 27.07.1898 i Spind.
- Ho tok eksamen ved Kristiansand lærarskule i 1921.
- Deretter var ho først 1 år i Ore skule, Lista 1921 – 22.
- Så vart ho tilsett i Ognedal skule i 1922. Då fekk ho altså vera med på å flytta over frå det gamle skulehuset til det nye.
- Det var mykje omskifte utover 1920 - åra.
- Ho tok så ein pause frå skulestova og vidareutdanna seg ved Noregs Lærarhøgskule i Trondheim i 1929 – 30.
- Etterpå kom ho tilbake til Ognedal og vart der til ut 1946.
- Då flytta ho til Kvinesdal.
- Ho hadde heile tida bustad på Ognedal Br. nr. 6 hjå Martine Ognedal og sonen Hans.



Foto: Norske Skolefolk

Klaus Gustav Mauritsson Bjerkreim

- Født 18.12.1901.
- Budde på Bjerkreim og var lærar der.
- Lærar for storklassen på Ognedal frå ? og fram til 1939.

Jørgen Skjæveland

- Født 15.07.1906.
- Budde på Vikeså og var lærar der.
- Han var også lærar på Eikeland skule og Bjerkreim skule.
- Lærar for storklassen på Ognedal frå 1939 – 1946.

Ognedal Skulehus II



Foto: Gabriel Ognedal

Tomta vart skilt ut frå Br. nr. 5. Ognedal. 04.11.1922 og tinglyst 20.02.1925. Den fekk Br. nr. 7. Skulebygget vart teke i bruk 1923. Det står litt ovanfor den gamle skulen.

Inngangen er vendt nedover mot porten og hadde først ei trapp langs veggen til høgre og ei mot porten. Den vart seinare fjerna. Til venstre var der kjellar.

Heilt til venstre i skulegarden stod uthuset. Der var det både vedhus og 2 do'er for gutar og jenter.

Inne var der først ein gang med ei stor skulestove til høgre og ei lita til venstre. Rett fram var der eit lite kammers for lærarane. Det vart også nytta som lager for skulemateriell. Der var også loft med ei luke ned i gangen.

I gangen var det knaggar til yttertøyet. Der stod det ein omn med ringar på til vedfyring. Der var det også ein stor kjele til kaffikoking og gryte til vatn.

Det var fyringsomn i kvar stove og springvatn-kraner. Det siste var nok ukjent for dei fleste då det kom.

Det var store, lange vinduer i begge stovene. I den store stod kateteret til høgre for døra, med pultane vendt fram, slik at lyset kom frå venstre til pultane. I veslestova var det motsett. Der var skikkelige benker med ryggstø til forsamlingane, i motsetnad til gamle-skulen. Der var det bare lange plankar med krakker under endene. Eg tenkte aldri over kvar pultane eller benkene vart av når dei ikkje var i bruk.

Både den gamle skulen og den nye vart nytta til det som var av tilstelningar i kretsen. Det var møter om vinteren og stemne ein sommarsøndag. Det var basarar og ikkje minst juletefestar. Då vart det nytta eit stort grantre der det var festa tre-lekter i kryss langs treet. Stearinlysa stod i eit hol i enden av lektene.

Då skulehuset var nytt, var der også eit aktivt, frilyndt, ungdomslag på Heia, som nytta skulen som samlingsstad.



Foto: Ingeborg Ognedal

Skulegarden var stor og romslig. Eigedommen gjekk opp ein bratt bakke bakanfor skulehuset. Der var det planta gran då eg vaks opp. Nå er dei kjempehøge.

Skulegarden var elles nokså plan. Bakanfor huset var det alltid staden for å slå ball. Og sydvest enden for dauball. Ellers var uthuset passelig for takhys. Det var visse regler for det òg. Det var ellers alltid ein vegg å finna for veggball. Og i grusen kunne ein streka opp til hinke-spel.

Om vinteren vart det gjerne store brasklaker utanfor gjerdet. Då var det særleg gutane som rann der på vedskier. Ellers rann vi på skeiser på Skule-tjørna når det var sterk nok is der.

Av og til fekk vi gymnastikk-time på Revsvatnet. Eit lite avbrekk frå den vanlige tøy og strekk mellom pultane. Då var det gildare med skeising.

Eg huskar òg at gutane ein gong kappast om å hoppa mellom isflaka på elva nedanfor skulen. Det vart òg fortalt om at dei sprang i rekke på «gummi-is» på Skule-tjørna. Der er nok mange måtar å vise motet på.

I 1938 vart den nye Steinslandsbrua bygt. Det måtte undersøkjast av skuleungane på heimvegen frå skulen.

Eg huskar ein dag då vi skulle heim og to born som gjekk andre året plent ville dit bort og sjå. Det var eit stykke frå gamlebrua som vi skulle over. Der var bare nokre jernbjelker over då, men dei kappast om å balansera på bjelkane.

Det endte med at eg laut gå tilbake til gamlebrua aleine, for dei andre gjekk på jernbjelkene heilt over. Det kunne lett ha skjedd ei stygg ulykke då. Skulesekkene deira laut eg bæra med meg over brua.

Skulevegen

Det var stor forskjell på skulevegen for borna frå ytre og øvre Heia. Medan borna frå øvre Heia kunne gå tursskodd på vanlig grusveg, laut vi borna frå ytre Heia gå ca. halve vegen over utmark.

Etter Steinslandsbrua gjekk vegen til venstre over Revsbekken og opp over Revsbakken. Der var turrare å gå enn på den surpete vegen med djupe kjerrehjulspor nedanfor bakken. Over Revsbakken var der fint å gå, men så kom vi ned til kjerrevegen langs elva att. Et stykke derfrå kom vi til Kakeberget med den «djupe floen» framfor. Den var så vidt eg veit uten til eller utløp. Det vart sagt at den var uten botn. Så den måtte vi passa oss for å detta uti.

Så gjekk vegen over eit skard med store steinar. Deretter kom vi til ein liten bekk, før vi hadde att ei steinete flate før skulehuset.

Steinslandsneset ligg lågt ved elva. Og når det vart riktig uver flaut elva over heile neset. Mange gonger laut borna vassa over neset på heimvegen.

Ein gong var vatnet så høgt, og straumen så stri, at alle borna måtte halda kvarandre i hendene for at ikkje elva skulle ta dei. Vegen til Gåsland fløymde også over.

Elva gjekk også mange gonger like inn til Kakeberget i flaum. (Kakeberget raga rett opp og var flat som ei pannekake.) Då laut borna gå over Kakeberget.

Det vart også teke peiling på ein stein i elva nedanfor skulen, for å sjå om elva vart i storflaum. Då fekk borna gå heim før tida. Men elva har seinare blitt senka.

Til samanlikning vil eg visa til eit tilfeldig valgt år, med same problem, 7. januar 1925. Alle skuleborna frå øvre Heia møtte på skulen, men ingen frå ytre Heia. Læraren har notert flaum. 28. og 30. mai., sameleis denne gongen òg. Det må ha vore laurdag og måndag.

Etter at skulen vart nedlagt, kom vegen langs Revsvatnet, med avstikkar til skule-huset, som då vart forsamlingshus.

Ognedal Indremisjonsforeining - Skjøte 18-3-1964.

Skulevegen fram mot «Kakeberget»



Foto: Gabriel Ognedal

Skulestart på Ognedal

August 1938. Tida var komen, eg skulle starta på skulen. Men eg var nervøs. Riktig nok hadde eg våren før gått aleine til skulen fordi eit av syskena mine hadde gløymt matpakken. Det vart eg lenge erta for, av di eg hadde spurt om vegen då eg kom over den gamle Steinslandsbrua og møtte vegvaktaren som eg kjente og såleis våga å spørja han om eg skulle svinga til venstre for å koma til skulen. Eg var så sjenert.

Første skuledagen drog eg ut tida så den 2 år eldre søster mi måtte fylgja meg. Endå der var ei 1år eldre jente frå nabolaget som gjekk i same klassen og vi fekk fylgje med. Gudrun måtte vera med meg på skulen heile dagen, eg var så redd (blyg).

Neste dag drygde eg så lenge at naboenta, Tordis, kom bort til oss og alle sa at vi nå kom for seint til skulen. Gudrun kunne ikkje vera med den dagen òg. Eg måtte venja meg til å gå aleine.

Vi kom for seint og timen var begynt. Vi tok av oss yttertøyet i gangen, men eg somla. Så sa eg at Tordis kunne gå inn først, så skulle eg koma etter. Det gjorde ho, men eg våga ikkje å gå inn. Så putla eg på meg yttertøyet og la på heimveg. Men då eg hadde svinga til venstre utanfor porten, kom lærarinna, Åse, ut på trappa og ropa på meg. Ho var slett ikkje sint. Tvert om var ho god i målet. Eg fekk tillit til henne.

Korkje då, eller seinare, fekk eg sjå den raude flekken på halsen som det vart sagt at ho fekk når ho var sint.

17. mai 1939



Eigar av foto: Astrid Humberset

17. mai 1939 vart det arrangert ein tur for Ognedal og Bjerkreim skular til Ørsdalen. Der møtte vi så Ørsdalen skule og feira dagen saman, med eit 17. mai-tog gjennom dalen. Klaus Bjerkreim var då lærar for storskulen på Ognedal og på Bjerkreim. Det vart ein fin tur med både buss og båt.



Foto utlånt av: Magnus Egeland

Skuleborna på Ognedal, våren 1939



1. rekke frå venstre: Astrid Eikeland, Magnhild Slettebø, Bjørg Tysland, Gudrun Eikeland, Bergit Gåsland, Borgny Laksesvela, Tordis Egeland, Gudny Tysland og Torfrid Steinsland. **2. rekke:** Vallund Laksesvela, Kolbjørn Gravdal, Gabriel Ognedal, Osvald Egeland, Arnfinn Laksesvela, Håkon Laksesvela, Magnus Egeland, Ola Ognedal, Karstein Egeland og Nils Eikeland. **3. rekke:** Mildrid Laksesvela, Anny Gåsland, Maria Ognedal, Mally Laksesvela, Milfrid Ognedal og Paul Tysland. **4. rekke:** Halvdan Tysland, Sverre Laksesvela, Børge Egeland, Torger Kløgetvedt, Karles Egeland og Olaus Steinsland. **Lærarar:** Til venstre: Åse Simonsen. Til høyre: Klaus G. M. Bjerkreim med eldste sonen: Maurits, 4 år.
Eigar av foto: Astrid Humberset



Skuleåret 1939-40 – Småklassen Eigar av foto: Astrid Humberset



Skuleåret 1939-40 – Småklassen og storklassen
Eigar av foto: Astrid Humberset



Penalhus og mjølkeflaske med patentkork
Foto: Aud-Elin Humberset

9. april 1940

Det var mitt andre skuleår og eg gjekk då i klasse med 1-klassingane Trygve og Olav frå nabolaget.

Mens vi var på veg til skulen, vart plutselig himmelen svart av fly. Svarte tunge fly. Vi forstod ingenting av det. Men då vi kom til skulen og spurte Åse, lærarinna vår, kva det var, sa ho bare at det var stygge fly. Vi fekk alle gå heim straks.

Seinare sveipte flya lågt heime. Så lågt at ein kunne sitja i stova og sjå inn på folka som flaug forbi.

Det var lite vi fekk sjå av krigen. I 1941 vart det anlagt ein arbeidsleir på Eikeland, for arbeid med å senka Ognaelva. Dei arbeidde òg på veganlegg og dyrka ei myr. Det var den tids rekrutt-teneste. Dei marsjerte med spade på aksla. Det vart kalla A.T. for arbeidsteneste.

Ettervinteren 1942 var sprengkald. Så kald at elva fraus til, slik at 20 hestar med slede med vedlass kunne køyra frå Hetlands-skogen til A.T.-leiren på Eikeland i fleire dagar. Ved som rekruttane hadde hogd hausten 1941.

Kyrkje- og undervisnings-departementet kunngjorde brennelsferie frå 28. februar til 28. mars. Då kom Lærarstriden.

Nazistane sette av leiaren i Norges Lærerlag Erik Eide og sette inn nazisten Orvar Sæther til leiar. Laget vart døypt om til Norsk Lærarsamband. Alle lærarane var pliktige til å vere medlemmer der og undervisa etter deira retningslinjer.

Nazistane ville ha tak i borna frå dei var 10år gamle og prenta i dei ideologien det ikkje nytta med for dei vaksne.

Lærarane protesterte med å melda seg ut av laget. Dei sa at det streid mot deira samvit og tilsetjingsvilkår å bli tvungen til å måtte undervisa i ideane til Nasjonal Samlings Ungdomsfylking.

Foreldre over heile landet sendte protestbrev til Kyrkje- og Undervisnings-departementet. Nazistane svara med å stengja skulane. Og lærarane var å rekne som oppsagte om dei ikkje gav erklæring om at dei godtok sambandet.

Ingenting hjelpte og 20. mars starta arrestasjonane. Det vart teke nokre lærarar, helst i leiarstillingar, rundt om i landet og sendt til Grini. Deretter vart ca. 600 sendt til Finnmark i arbeidsleirar.

Eit ekstra utslag var det i Rogaland i april, men det kom av ei mistyding. 14. april fekk alle lensmennene i Rogaland ordre om å arrestere alle mannlige lærarar under 60 år i kommunen som ikkje var medlem i Norges Lærarsamband. Dei skulle først til Stavanger til arresten der. Lensmennene i Bjerkreim og Helleland gjekk saman om å føra fangane til Stavanger med ein felles buss. Lærarane hadde gått med på å møta fram frivillig. Fangane skulle ha med seg 2 ulltepper, spisebestikk, 2 tallerkner, natttøy, barbersaker og rasjoneringskort.

I Stavanger vart dei fordelt på 2 stader med svært ulike forhold, etter kven som var leiar der. Det vert sagt at ca. halvparten frå Rogaland vart sett fri før 25. april. Resten, ca. 60 stk. vart ført til Grini. Alle vart forhøyrt før oppbrot. Trusselen var å måtte stå der uten yrke og inntekt. Spørsmålet var om dei ville godta medlemskap i lærarsambandet. Dei fleste hadde vel familie heima!

Men Kyrkje- og Undervisnings-departementet sendte så ut eit skriv med ymse lempingar i lærarane sine tenesteplikter. Etter det kom skulen i Bjerkreim i gang att frå 10. mai 1942, på same vilkår som før.

På grunn av dei lange opphalda i undervisninga utover våren, vart det ingen eksamen for avgangselevane dette året. Ellers gjekk det mot jul før alle lærarane i landet vart sett fri frå fangenskap.

I år, 2012, er det 70 år sidan lærarstriden.

Om hausten 1942 fekk alle konfirmantane tilsendt ei fin bok i posten. Det var «Sagaen forteller» av Kristen Lindøe, med teikningar i «sagastil» av Rolf Egeberg. Boka var «Tilegnet Norges ungdom».

På første side var der stempla: «Fra Ministerpresidenten». Det var rett og slett Noregssoga frå første bre-sig og innvandring med kongerekke frå Harald Hårfagre til Håkon Håkonson. Med litt av kongs-spegelen, om den tids folkeskikk.

Skulle det kanskje ufarleggjære Nasjonal Samling, eller låg det ikkje noko bak likevel?

Stavangerborn på Ognedal skule

Under krigen var der fleire born frå Stavanger som gjekk på Ognedal skule. Dei budde alle på Gåsland.

Den første som kom frå Stavanger var Mary Markussen. Ho kom hausten 1940 for å bu hjå mostera, Bine, og mannen hennar Sven Gåsland som var vegvaktar. Ho vart konfirmert 1945 og reiste derfrå etterpå.

Så var der fleire Stavanger-folk som ville prøva seg på landet i matauke under krigen. Det fall ikkje alltid like bra ut.

Garden Træe på Gåsland kom på salg og familien Sand flytte inn hausten 1941. Dei hadde sønene Kurt og Ernst som gjekk i storklassen.

Våren 1943 reiste dei og så kom familien Rage. Dei hadde døtrene Eldbjørg og Marianne som òg gjekk i storklassen. Dei vart der bare til ut på hausten før dei reiste.

Deretter kom familien Berge med sonen Olav som også gjekk i storklassen ut skuleåret.

Forsommaren 1944 kom familien Høyland til Træe. Dei hadde dottera Turid som tok til i mellomklassen etter ferien.

Høyland tok over leiarstillinga i A.T.-leiren etter sveitførar Sønsteby som nå vart lensmann i Bjerkreim etter at Kjetil Gjedrem var blitt arrestert og sendt til Grini.

Skuletimane

I A.B.C.- en vår var der tekst både på vanlig skrift og gotisk. Vi lærte såleis å lesa gotisk trykt skrift, men ikkje å skriva det. Skrifta vi lærte var løkke-skrift.

Der var skuleboksamling som vi nytta oss av. Av lærebøkene vi nytta, meiner eg at vi hadde Andreas Austlids lesebok og songbok av Magnus Våge. Det er ingen stad oppgåve over kva for bøker kvar skule nytta.

Første time var det vanlig med religionsfag: bibelsoge, katekisme, forklaring og i storskulen kyrkjesoge.

Etter mat-friminuttet var det så dei andre lærebøkene: geografi, naturfag og noregssoga. Av og til tok Åse Simonsen fram ei stor bok av biskop Lunde. Der var småstykke som ho las for oss.

Både mellomklassen og storklassen nytta same lærebøkene. Dei vart lest fortfarande frå start til slutt. Ved skulestart om hausten tok dei såleis over der dei slutta om våren. Når så 5. - klassen kom opp i storskulen, med 6. - og 7. - klassane, laut dei gjennomgå det same som dei andre. Endå det kanskje var emne dei hadde hatt frå før.

Såleis fekk ein gjerne læra dobbelt om t.d. Norge, men ikkje om Asia. Det burde vore betre samarbeid mellom lærarane.

Likeins var det med grammatikken. Ved lesing i leseboka skulle vi av og til analysa ord og setningar. Men vi hadde aldri fått lært det. Som ein gut seinare sa - «Det var det me gissa». Det meste Læraren (Lærarinna) gjorde om ein sa feil, var å spørja om nokon annan i klassen visste det. Eg huskar ingen forklaring. Men eg trur ikkje det hadde nokon verknad på rettskriving eller stil.

I rekning derimot, var det ein fordel om ein fekk arbeide kvar for seg. Då kunne ein rekna så mykje ein ville. Såleis vart rekneboka gått gjennom både 1 og 2 gonger.

Jørgen Skjæveland var flink til å skaffa prøve-ark frå realskule og også frå gymnas til 7. - klassingene som var ferdige med 7. - klasse boka.

Handarbeid

Eg kan ikkje huska at eg hadde anna enn første gongs handarbeid. Det var ei mappe av rutete bomullsstoff. Der sydde vi monogrammet vårt med korssting.

Ellers var det vanlig å sy forkle. Trulig kom krigen med materialmangel som bremse for dette faget.

Sløyd

Det var 4 skulekrinsar som var saman om ei stor kiste med sløyd-verktøy og høvelbenker. Dei vart kjørt rundt mellom skulane.

Den vanligaste sløyden var skjære-brett, bestikk-kasse med hank og bokhylle. Jørgen Skjæveland fortel om dette i ein artikkel i Skolehistorisk Årbok 1992.

Symjeopplæring

Ein dag det var godt sommarver, fekk vi beskjed om å ta med badetøy neste dag. Vi skulle få symjeopplæring. Neste dag vart me samla ved ein liten høl i elva nedanfor skulen. Der skulle opplæringa skje.

Det var bare det at mest alle borna frå ytre Heia kunne symja, men mest ingen frå øvre Heia. Kvifor det? Jau, fordi Ognaelva som var full av høler lengst nede, var bare ein liten bekk øverst i dalen.

Det var brystsymjing det vart undervist i, som vi også hadde lært oss frå før. Det vart einaste symjeopplæring i mi tid. På Eikeland var det vanlig å kunne symja i 6 - 7 års alderen. Dei største borna lærte dei små. Og alle passa på kvarandre, slik at ingen fekk påta seg symje-kunnskap, med eine stortåa ned i sanden.

Skogplanting

I den tida vart det ivra for å planta skog. Rogaland var snautt for tre og derfor var det viktig at skulen vart med på å auka dei areala. Vi fekk såleis ein vår høyra at vi skulle på skogplanting ein laurdag. Det var hjå Ommund Slettebø. Staden vi skulle planta på var like ved eit anna gardsbruk. Dette var 5 - 6 km. heimanfrå.

Gutane vart utstyrte med eit reiskap som bestod av eit langt skaft med eit grev i enden. Vi jentene fekk ei bunke med planter som vi planta i hola som gutane grov. Dei skulle gå på rekke og grava hol med ei skafte-lengde mellom kvart hol.

Det var nytt og interessant arbeid. Vi var jo vant med å arbeida i jord, men dette var noko nytt. Det var bare det at veret ikkje var med oss. Det tok til å regna og det vart hustrerte og kaldt til slutt. Men vi måtte halda ut og bli ferdige med det vi hadde teke til med.

Endelig var vi ferdige og kunne gå heim. Eg huskar korleis vi stod i garden utanfor huset hjå Ommund og fraus og grua oss til den lange vegen heim.

Då kom Alida, kona i huset ut og bad oss inn. Kor godt var det ikkje å få koma inn og varma seg. Og under over alle under, så stod det dekkja bord til middag inne i stova. Det vart sagt at Alida spanderte søndagsmiddagen på oss. Steik og sviskegraut.

Sorg!

Ein januarkveld i 1942 fekk vi høyra at Alf Ognedal var gått i skule-tjørna. Vi gjekk i mellomklassen saman. Han 3. året og eg 4. året på skulen.

Vi fekk høyra at eldstebroren, Ommund, hadde hoppa ut i råka for å prøva å berga Alf. Han fekk han opp og dei heldt på i skulehuset og prøvde oppleving, men forgjeves. Den 18 år gamle broren gjorde ei bragd der, særleg sidan han knapt hadde noko dykkererfaring.

Neste morgon var eg først til skulen og tykte det var skummelt å sjå juletreet som markering i råka. For så å koma aleine inn på skulen der døden hadde kome kvelden før.

Gravferdsdagen vart alle i klassen bedt heim til Ognedal, til samlinga der, før kyrkjeturen. Det vart den tida endå helde på den gamle skikken om å «syngja den døde ut», med bevertning, andakt og til slutt leggja loket på kista.

Det eg huskar best er Lotte, mora, der ho sat ved kista og strauk og strauk Alf over håret.

2 år seinare var det søstera Serina som laut fara. Då i difteri-epidemi. Eg gjekk då 6. året og ho 7. i storklassen. Det var siste året hennar før konfirmasjonen. Klassen vart då bedt om å vera med i kyrkja. Det vart ei lang rekke av heste-kjøretøy og gåande til Bjerkreim då.

Eg har mange gonger i årenes løp plukka nokre villstrå på grava deira og minnst 2 born som aldri fekk vakse opp.

Etter 1945

Etter krigen vart det eit omskifte på Ognedal skule. Barnetalet var gått ned og skulen tok til med 2 - delt ordning. Då vart det bare bruk for 1 lærar og Jørgen Skjæveland laut slutta. Åse Simonsen slutta òg. Kanskje ville det ha blitt for stritt å ha ansvaret for heile skulen. Ho flytta til Kvinesdal. Jørgen Skjæveland fortsatte som sløydlærar ei tid og Hanna Mykjedal frå Bjerkreim tok handarbeidet.

Ekteparet Sofie og Harald Laksesvela vikarierte som lærarar i handarbeid og sløyd.

Avskjedsfest

Då Åse Simonsen slutta på Ognedal skule etter 24 år, vart det stelt i stand ein avskjedsfest for henne på skulen. «Det var ho vel verdt etter så mange år», vart det sagt då. Som avskjeds-gave fekk ho eit radiobord. Det var det Ommund Ognedal og Georg Slettebø som bar inn og overrakte med ein takketale.

Det vart nå også tenkt på fast bustad for lærarane. Men tida og lærarane forsvann etter kvart og året vart 1954 før skjøtet på tomte Br. nr. 9 vart fråskilt frå Br. nr. 5 i krysset ved vegen til Tysland. Huset vart ferdig i 1956.

Men skulen song på siste verset då. Skulen på Ognedal tok slutt og lærarbustaden vert selt til eigaren av Br. nr. 5 i 1963.

Avskiltsfest for Bjerkreim-lærarinne.

Sundag var folket i Ognedal-krinsen samla til fest for lærarinne Åse Simonsen. Per Tysland bad den store møte-lyden velkomen. Henny Slettebø sa fram ein gild prolog og lærar O. Aure heldt ein kort andakt.

Etter mat-ykta kom to eldre elevar fram med ei gild gåve til lærarinna si, som ho takka varmt for.

Skulestyreformannen, Klaus Bjerkreim, heldt så ein gild tale for Åse Simonsen, der han i fagre ord takka henne for trufast arbeid ved Ognedal skule i over 24 år. Per Tysland bar fram ei takk frå kringen.

Seinare fortalde lærar Jørgen Skjæveland om krigen i Bjerkreim etter egne notat. Olav Ognedal slutta av den gilde samkoma med bøn.

10 mars skal Åse Simonsen overta den nye posten sin i Kvinesdal.

Avisutklipp

Lærarane etter 1946 - nå todelt skule

Astrid Søyland ?	1947 -	
Sigurd A Saltveit	1947 - 1948	
Liv Grønsund	1948 - 1949	
Arnhild Hansson	1949 - 1950	Vikarierende student
Tora Eikeland	1950 -	Nokre veker om hausten
Hølje Lie	1950 - 1951	
Gabriel Ognedal	1951 -	Nokre veker om hausten
Bård Vassbø	1951 - 1952	Student-vikar
Astrid Vassbø	1952 -	Vikar
Magnus Fjellheim	1953 - 1955	
Einar Tjelta	1953 - 1954	Vikar for Fjellheim
William Brandal	1954 - 1955	Overtok for Fjellheim
Ingebjørg Alice Barstad	1955 - 1956	Vikar
Magne Wåskeland	1956 - 1956	Vikar
Tormod Birkeli	1956 - 1957	Vart sjuk
Bernt Børretzen	1957	Våren – vikar for Birkeli
Tormod Birkeli	1957 - 1958	
Liv Tordis Anda	1958 - 1959	
Kåre Sømme	1959 - 1960	



Småklassen hausten 1948 - Eigar av foto: Magnus Egeland



Johan Berland sin buss - Eigar av foto: Magnus Egeland

Skuleborna på Ognedal våren 1949



1. rekke frå venstre: Tonny Egeland, Berta Steinsland, Randi Berland, Ingebjørg Laksesvela, Liv Grønsund (Lærar), Åsmund Slettebø, Tollef Laksesvela, Bjørn Eikeland og Ivar Eikeland. **2. rekke:** Harald Fotland, Ingfrid Eikeland, Mimmi-Oda Ognedal, Gerd Eikeland, Haldis Laksesvela, Randi Ognedal, Margit Laksesvela, Aslaug Eikeland, Astrid Laksesvela, Arne Ognedal, Noralf Eikeland og Harald Espevik. **3. rekke:** Einar Berland, Per Steinsland, Einar Ognedal, Arne Eikeland, Kåre Tysland, Magnar Slettebø, Lars Steinsland, Inge Eikeland og Magnus Slettebø.

Foto: F. Wold

1. - 2. og 3. klasse 1951



Foran frå venstre: Randi Berland, Irene Eikeland, Ingebjørg Slettebø, Berta Steinsland Tysland, Ingebjørg Laksesvela, Ingrid Laksesvela og Solveig Egeland. **Bak frå venstre:** Steinar Laksesvela, Ivar Eikeland, Bjørn Eikeland, Harald Fotland, Sigurd Laksesvela og Tollef Laksesvela.

Eigar av foto: Bjørn Eikeland

Tora Eikeland med minsteklassen hausten 1950



Eigar av begge foto: Tora Eikeland



Leik i skulegarden – skuleåret 1950-51



Lærar: Hølje Lie

Foto utlånt av: Bjørn Eikeland

Skoleåret 1953-54



Bak frå venstre: Leiv Laksesvela, Reidar Steinsland, Alf Eikeland, Kjellaug (Egeland) Eike, Liv (Eikeland) Vølstad, Einar Tjelta (lærar).
Framme frå venstre: Ola Laksesvela, Liv (Laksesvela) Milwertz, Torunn (Eikeland) Knutsen, Sigrid (Eikeland) Sveen.
Midten framme: Edel Margrete (Fotland) Gjerdebakken.

Eigar av foto: Liv Vølstad Foto: Einar Tjelta

Småklassen 1953-54



Første rekke: Leiv Laksvesvela, Ola Laksvesvela, Alf Eikeland og Reidar Steinsland.
Rekka nærast omnen: Liv Laksvesvela, Sigrid Eikeland, Kjellaug Egeland og Edel Folland.

Eigar av foto: Liv Vølstad

Småklassen og storklassen 1956



1. rekke: Gudny Undheim, Sigrid Laksvesvela, Solfrid Saltveit, Magnus Laksvesvela, Liv Laksvesvela og Gunnar Undheim. **2. rekke:** Torunn Eikeland, Leiv Laksvesvela, Alf Eikeland, Reidar Steinsland, Ola Laksvesvela, Sigrid Eikeland, Solveig Egeland og Liv Eikeland.
3. rekke: Ingrid Laksvesvela, Kjellaug Egeland, Steinar Laksvesvela, Ingebjørg Slettebø og Irene Eikeland.

Eigar av foto: Liv Vølstad

17. mai

17. mai 1958 vart der laga til samling på Ognedal skule.
Der var 17. mai-tog frå Torvhodlen til skulen med leikar i skulegarden etterpå.
Lærar Tormod Birkeli sto for feiringa.



Foto: Ingeborg Ognedal



Foto: Ingeborg Ognedal

Aller siste skuleår på Ognedal skule 1959-60

Neste skuleår lyt elevane reisa med buss til Bjerkreim skule.
Ei ny tid er i emning.



Lærer: Kåre Sømne

Begge foto er utlånt av: fam. Skåra



Framhaldsskulen

Vinteren 1947 – 48 var der framhaldsskule på Ognedal. Den einaste gongen der har vore det. Då var det 4 års-klassar som nytta høvet og fekk seg litt meir utdanning.

Framhaldsskulen starta 20. oktober med handarbeid og sløyd. Då hadde vi Guro Laksesvela som lærar i handarbeid. Det vart som eit sykurs for vi fekk sy kler då. Grunna plassmangel vart det kurset halde heime hjå Guro på Laksesvela.

Sløyden for gutane heldt til på skulen. Der fekk dei læra å laga møblar. Læraren der var Per Espeland.

Sløydelevparaden



Bak frå venstre: Trygve Eikeland, Julian Egeland, Steinar Tysland, Magnus Egeland og Toralf Laksesvela.

Foran frå venstre: Børge Ognedal, Leiv Hapnes, Olav Egeland og Lærar Per Espeland.

Foto utlånt av: Magnus Egeland

Etter at sy- og sløyd-kursa var over, hadde vi utstilling av produkta våre på skulen. Møblane sto i den store skulestova, mens klærne vart hengt opp i veslestova. Vi var nok aldri så lite stolte då.



Lærar: Alfhiild Næss

Foto utlånt av: Magnus Egeland

Framhalds-skulen på Ognedal våren 1948



Første rekke fra venstre: Gudbjørg Laksesvela, Ragnhild Eikeland, Borgny Laksesvela, - **Alfhild Næss (lærer)** - Bjørg Tysland, Tora Eikeland, Malene (Malla) Merkesdal og Astrid Eikeland. **Andre rekke fra venstre:** Leiv Hapnes, Børge Ognedal, Magnus Egeland, Steinar Tysland, Julian Egeland, Trygve Eikeland og Toralf Laksesvela. **Foto: Håkon Johannesen – Stavanger**

Teoridelen starta etter nyttår. Då fekk vi Alfhild Ness frå Odalen som lærar. Ho var bare student, men vi har bare gode minner om henne. Då fekk vi læra engelsk, noko som var spennende på den tid. Vi fekk også grammatikk med på timeplanen, i motsetnad til grunnskolen.

Ein dag fekk vi oss ein lang skitur. Det var kome så mykje snø at alle steinar nær var dekkja i utmarka. Vi hadde 2 timar skule med engelsk og rekning, pluss nistematen, før vi tok i veg. Etter kartet å døma, må vi ha gått om Tysland og derfrå ein runde frå Laksesvela-fjellet og vestover. Namna frå eit handskrive blad vi hadde på skulen, er Stemfjell og Leksarvatnet. Derfrå til Goabakken, så om Berland og heim. Det virker som om det var ein fin dag og ein fin tur. Men alle var nok ikkje like gode på ski. Jenta frå Odalen hadde nok best trening, tenkjer eg.

På tur til Revsvatnet våren 1948



Eigar av foto: Astrid Humberset



Eigar av foto: Astrid Humberset

Utpå våren hadde vi ein tur til Stavanger for å gå på museum og til fotograf. Då overnatta vi. Den tid var det ei lang reise.

Til avslutning laga vi ein fest for foreldra våre. Då laga Magnus og Trygve eit rimdikt om alle elevane som dei leste opp. Vi hadde også eit opptrinn om fargane. Vi fekk kvar vår farge som vi laga oss kapper til. Av mangel på stoff, laga vi kappane av krepppapir i dei diverse fargane. Så kom vi syngjande på den songen inn gjennom døra ettersom vi hadde farge til på kappene.

Det er ei gamal dansk song som er fornorska. Dei 2 siste linjene skal syngjast 2 gonger. Der var 5 vers.

1. Livet er alltid skjønt. Håpet er Lysegrønt. Mismot er stedse grå. Gleden er himmelblå.	2. Brun er standhaftighet. Flykter ditt hjertes fred. Lev da tålmodig sterk. Skjebnen er Herrens verk.	3. Gul er den falskes kinn. Troløs og tresk hans sinn. Vennskap er fiolett. Stadig mer skjelden sett.
4. Uskyld er liljehvit. Engel frå svunnen tid. Elskov er rosenrød. Mang en gang uskylds død.	5. Døden er kald og sort. Kaller for evig bort. Lukker ditt øye til. For livets fargespill.	

Ymse kurs

Vinteren 1949 – 50 vart det sett i gang eit vevkurs på Ognedal skule. Lærer var då også Guro Laksesvela.

Då vevde vi ein 3 m. lang linduk og ein kort. Vi vevde dukar og puter i smettvev og krokbragd. Puter med flossvev vart det også. Dessuten tøy til Rogaland kvardagsbunad. Vi lærte også å renna og setja opp vev.

Til slutt var der utstilling av produkta våre.

Vinteren 1952 var der sykurs på Ognedal. Då var det Gudny Tysland som var lærar. Då var det diverse klær som vart laga.

Fakta

1. - Bjerkreims 3. skulehus. - Ognedal skulehus I.
bygd 1872, i utmarka til Br. nr. 5. Ognedal.
Forsikra i Norges Brannkasse 1882.
2. - Ognedal skulehus II.
Tomta utskilt frå Br. nr. 5. Ognedal 04.11.1922.
Tinglyst: 20.02.1925. Fekk Br. nr. 7.
Skulen vart teke i bruk 1923.
3. - Lærarbustad bygt 1956.
Tomta fråskilt frå Br. nr. 5. Ognedal 1954.
Tomta fekk Br. nr. 9. Eigedomen vart selt til Br. nr. 5 i 1963.
4. - Etter at skulen vart nedlagt vart den solgt til Ognedal Indremisjonsforening.
Skjøte 18.03.1964.
5. - Makeskifte mellom eigaren av Br. nr. 5 og Br. nr. 7 om inngjerding av eigedomane.
Bakken bak skulehuset gjekk tilbake til Br. nr. 5 mot hold av gjerder.

Epilog

Nå har eg gått min barndoms skuleveg,
ein gong til.
Eg har sett landskapet på ny,
etter over 60 år.
Eg starta ved Steinslandsbrua,
der alt var nytt.
Gjerdene, vegtilkomsten, kloppa over Revsbekken.
Og den fine grusvegen rundt Revsbakken.
Eg gjekk over bakken,
for eg ville gå i «min barndoms fotspor».
På toppen fekk eg sjå landskapet,
som eg huskar frå barndomen,
bare at mykje er endra.
Eg kom ned av bakken
og fann att den fine grusvegen langs elva.
Hadde bare vi hatt så fin veg.
Eg kom bort til kakeberget,
men kvar var det blitt av den djupe floen?
Kakeberget var også meir plantekledd.
Elva var mest gøymt bak alle trærne og buskene.
Den steinete vegen over skaret var også blitt bra.
Likeins flaten vidare over bekken til den nye vegen frå Revsvatnet,
til det som nå var blitt forsamlingshus.
Fine gjerder og grinder alle stader.
Alt er gjerda inn slik at ein kan køyra fram med bil,
utan å måtte lukka opp og stenga nokon port.
Det gamle gjerdet er borte.
Bakken bak det 90 år gamle skulehuset,
der det nå er graner høgare enn huset,
er ved makeskifte gått tilbake til Bruk nr. 5.,
mot at dei held gjerder.
Eg står i det sydvestre hyrna av der det gamle gjerdet var
og ser ca. 10 meter nedanfor der grunnsteinane etter det første skulehuset ligg.
Det ser lite ut,
som grunnen etter hus gjerne er.
Det var ei tid,
som det alltid vil vera for alt.
Ein liten skoglund skjermar steinane.
Nedanfor lyser det grønt i graset på vollen der tjørna var.
Vegen til Revsvatnet går også som gjennom ein skog.
Alt er så frodig.
Uthuset er borte.
Det 90 år gamle skulehuset står der fortsatt.
Men nå innreia til sine nye formål.

Desember 2012

Astrid Humberget

Lærebøker

Lærebøker frå Ognedal skule

Bokarv etter mor, Amanda (f. Kalveskog) Eikeland.
Ho gjekk først på skule i Egersund.
Disse bøkene er frå Ognedal skule.

1. Noregs Soga av Jones Vellesen.
f. Beyers forlag, 1907.
2. Geografi for folkeskolen.
Av C. W. Ludv. Horn.
J. W. Cappelens forlag, 1908.



Den siste boka blei nytta revidert i mi tid.
Den vart utgitt på begge målføre.

Astrid (f. Eikeland) Humberset

Torger Kløgetvedt si liste over gamle lærebøker frå Ognedal skule

1. M. Luthers Lille Katekisme.
Autorisert utgave ved H. N. Sverdrup.
Jakob Dybvad forlag, Kristiania 1874.
2. M. Luthers Lille Katekisme.
Av Professor Dr. E. Blix.
Det Norske Samlaget, 1929.
3. Landkunne.
Av C. W. Ludvig Horn.
J. W. Cappelen forlag, Oslo 1931.
4. Lesebok for folkeskulen.
Av Nordahl Rolfsen, Bernt Støylen.
Jakob Dybvad forlag, 1920.
5. Regnebog for landsbørn i skole og hjem.
Av J. Nikolaisen.
J. W. Cappelens forlag, 1897.
6. Bibelsoga med noko av kyrkjesoga.
Av Volrath Vogt.
På landsmål ved Per Riste.
P. F. Steensballes bokhandel effl.
(Bj. Reenskaug), Oslo 1929.
7. Forklaring til Luthers Lille Katekisme.
Av J. R. Sverdrup.
Jakob Dybvad forlag, Oslo 1930.

3 av Torger Kløgetvedt sine lærebøker frå Ognedal skule



OGNEDAL SKULE 1928

1. til 7. klasse



Første rekke f.v.: Amanda Helland, Gudrun Tysland, Birgit Slettebø, Olava Tysland, Sigrid Slettebø, Inga Gåsland, Ingeborg Steinsland, Agnes Laksesvela, Ingeborg Kløgetvedt, Ingrid Berland, Karina Laksesvela, Maria Ognedal.

Andre rekke f.v.: Anny Steinsland, Ingfrid Steinsland, Olaf Laksesvela, Tønnes Tysland, Lærer Trygve Fuglestad, Konrad Helland, Ommund Helland, Ludvig Steinsland, Georg Slettebø, Alma Gåsland.

Tredje rekke f.v.: Birger Laksesvela, Arne Laksesvela, Johan Laksesvela, Andreas Gåsland, Bjarne Gåsland, Birger Egeland, Ola Slettebø, Alfred Berland, Nakor Egeland, Sverre Gåsland, Noralf Slettebø, Gunvald Laksesvela, Børild Egeland.

Opplysninger gitt av Torger Kløgetvedt 2016.